

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 Oslo

Dykkar ref.:
Saksnr. 201201139

Dykkar dato:

Vår ref.:
5-ffj/14-swb

Vår dato:
09.05.2014

Høyringsinnspel; konsesjonssøknad for Gjengedal kraftverk

Me syner til offentleg høyring om konsesjonssøknad for Gjengedal kraftverk. Prosjektet vil føre til inngrep og annleggsaktivitet i Førdefjella villreinområde, Villreinnemnda for Sogn og Fjordane ynskjer difor å komme med ei uttale i saka. Saka vart handsama i møte i villreinnemnda 02.14.2014. Framlegg til uttale vart diskutert i møtet, der ein konkluderte med å omarbeide uttalen og eit revidert framlegg er send ut og godkjend elektronisk av medlemmane.

Villreinnemnda er klar over at ein i verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde har teke høgde for ei mogleg utbygging av Gjengedalen kraftverk. Me meiner likevel det er eit stort paradoks at ein vil bygge ut ny kraft som kan påverke naturverdiane ein finn i eit landskapsvernområde.

Villreinnemnda ser på denne kraftutbygginga som eit alvorleg inngrep i villreinområdet. Dette prosjektet vil gripe direkte inn i kjerneområde for dyra, viktig til fleire årstider, og spesielt vår- og tidleg sommar. Gjengedalen frå stølen og innover er eit av dei områda der ein har størst sjanse for å møte på villrein i Førdefjella i dag.

Om tiltaket

Som hovudalternativ vert det søkt om regulering av Dalevatnet innanfor naturleg vasstandsvariasjon (alt. 2). Ein har gått bort frå alt. 1, som innebar å regulere både Dalevatnet og Storevatnet. Prosjekta vil ikkje vil gjere arealbeslag ved neddemming. Alternativ 1 vil kunne drenere ut myrområda i nordenden av Storevatnet.

Av fysiske inngrep vil ein få damlanlegg, massedeponi og anleggsvegar. Moglege konsekvensar av dette er omtalt under. I kart vedlagt søknaden vert både alternativ 1 og alternativ 2 synt.

Villreinen i Førdefjella

Villreinstamma i Førdefjella villreinområde er liten (bestandsmål 100 dyr), og har tilhald på eit lite areal i høve til villreinenes nomadiske livsførsel. Det er difor viktig å verne om heile leveområdet, og unngå at det vert "spist opp" av større og mindre einskindinngrep. "Bit for bit" utbygging av fjellområde med villrein er i dag reinen sitt største trugsmål (Villrein og Samfunn, NINA temahefte 27, 2004). I dette tilfellet vil nemnda anse tiltaket som ein stor bit, dette handlar ikkje om et mindre tiltak i ein ytterkant slik dei fleste av inngrepssakene gjer.

Gjengedalen, frå stølen og innover i fjellet ligg midt i kjerneområde for rein. Dette er mellom dei områda der ein har størst sjanse til å møte på villrein i Førdefjella i dag. Her finn ein rein til alle årstider, der vinterbeita ligg høgt i terrenget medan barmarksbeite ligg nede i dalen og i lisdene. I dei heitaste periodane søker dyra høgt, og gjerne langt aust, der dei finn brear og evige fonner som vern mot insektsplager. Lisdene aust for Dalevatnet og aust for Storevatnet er mykje nytta kalvingsområde, slik det og vert halde fram i konsekvensvurderinga for tiltaket. Det er tidlegare observert kalving heilt nede i Dalelia og arealet mellom vatna, i perioden før det vart bygd hytter på denne plassen. Særleg

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

er vår- og forsommararbeite viktig i desse områda. Både bukkar og nokre simler med kalv nyttar seg av vår- og forsommararbeite i Risbotnen og austisda av Dalevatnet og på stølsvollar i Gjengedalen, også nedover langs elva frå Dalevatnet. Villreinnemnda fryktar varig reduksjon i tilgjengeleg beite gjennom auke i nivået av forstyrring. Særleg fryktar me at simler kan verte uroa, og vel å leite etter nytt kalvingsområde dersom dei søker Dalelia for kalving.

Eit teknisk inngrep i fjellet kan senke terskelen for å gjere ytleigare inngrep. Området vil få mindre preg av å vere urørt, noko som kan nyttast som argument i nye søknadar om inngrep som igjen kan gje auka ferdsle. Ein konsesjon som medfører inngrep i villreinområdet kan og skape presedens som vil auke presset på å tillate liknande tekniske inngrep i villreinområdet. Det er eit nasjonalt politisk mål å bevare villreinen sine leveområde (St.meld.nr. 21, 2004-2005 Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand).

Konsekvensar for villrein: merknadar til konsekvensvurderingar i søknaden

Inntaksdammane er små som fysiske inngrep. Sjølv om rein truleg reagerer lite på mindre, faste installasjonar som står i ro vil menneskeleg ferdsel knytt til installasjonane uroe dyra. Betre vegtilkomst vil og gje auka allmenn ferdsel i området, dessutan kan anleggsveggar verte trekkhinder dersom dei har murar eller skjeringar, eller dersom dei får stor trafikk (inkl. av menneske til fots). Kraftprosjektet vil utløyse trong for ei ny kraftline. Denne vil skjere over ein fjellrygg som er ein del av leveområdet for villreinstamma (sjå eigen uttale om lina, ref. 6-ff/14-swb)). Nye kraftliner kan i mange tilfelle skape nye trekkbarrierar.

I konsekvensvurderinga for tiltaket vert det sagt at arbeidet med demningane ikkje vil verte utført før i juli månad grunna behovet for låg vasstand. Dette kan verke noko avbøtande, men me fryktar framleis generell uroing i området. Snøsmelting, vassføring i elvene og tidspunkt for naturleg nedgong i vasstand kan variere frå år til år. Me fryktar difor og for tidlegare igongsetting av anleggsarbeid dersom ein får tidleg vår i anleggsperioden.

Dei aktuelle anleggsvegane vil ligge innanfor område der reinen kryssar dalen. Anleggsvegen opp til inntaket i Støylselva kan verte ei hindring. Vegen går i bratt terreng og det vil vere vanskeleg å unngå skjeringar og murar som reinen ikkje kan krysse. Vegen vil i hovudsak gå parallelt med trekkretninga over dalen, og ikkje på tvers. Dette er avbøtande. Anleggsvegen inn til demningane på Dalevatnet kan og potensielt skape ei barriere som kan redusere moglegheitene for kryssing forbi vestsida av vatnet. Ein veg som er lagt godt i terrenget slik at ein får slake kantar kan verke avbøtande i høve danning av fysisk barriere. Dersom ein får stor ferdsel på vegen vil det likevel skapast ei barriere.

Det er lagt ned eit godt arbeid i å dokumentere villreinen sin bruk av området i fagrapporten for konsekvensvurdering av naturverdiar. Nemnda tykkjer likevel at vidare handsaming av verknadane av tiltaket er for overflatiske. Me saknar ei vurdering av effekten av dei einskilde inngrepa, inklusive tippene og vegane. Nemnda kan heller ikkje seie seg einige i verdivurderinga og vurderinga av tiltaket sin konsekvensgrad. Området er vurdert som «viktig for villrein». Likevel er hovudkonklusjonen at området er viktig – til middels viktig for pattedyr. Me vil stille spørsmålsteikn ved at ei definering som viktig for villrein ikkje er nok til å gje området totalt sett status som viktig for pattedyr. Verdisettinga er avgjerande for kva konsekvensgrad ein ender opp med i totalvurderinga. Konklusjonane i rapporten er liten til ingen påverknad i driftsfasen og middels påverknad i anleggsfasen, dvs. hhv. liten negativ konsekvens og middels negativ konsekvens.

Villreinnemnda vil halde fram at området er ein svært viktig del av villreinområdet, både som vårarbeite og som del av kalvingsland. Me vurderer faren for alvorlege konsekvensar som høgare enn fagrapporten sine konklusjonar. Rapporten meiner tiltaket ikkje vil ha nokon påverknad av leveområdet etter avslutta anleggsperiode. Dette meiner me er ein bagatellisering av dei fysiske inngrepa og potensialet for ny ferdsel tiltaket vil utløyse. Me fryktar uroing også om vinteren der evt. brøyting vil kunne bringe trafikk inn i normalt rolige periodar. Området har ein årleg kalveproduksjon på kring 25 kalv. Uroing av kalvingsland vil dermed ikkje berre kunne skape dyretragedie, men og ha ein direkte konsekvens for heile villreinstamma. Med verdi «viktig» for tema vilt og påverknad hhv. «stor» for anleggsfasen og «middels» negativ for driftsfasen vert konsekvensane «stor til svært stor negativ konsekvens» for anleggsfasen og «stor negativ konsekvens» for driftsfasen.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Konsekvensgradane som vert framstilt i samletabell, og dermed tolkast å ligge til grunn for konklusjonane, gjeld berre for driftsfasen. Det er også berre denne konsekvensgraden som vert presentert i KU kapittelet i sjølve konsesjonssøknaden. Framstillinga i konsesjonssøknaden forsterkar med det undervurderinga av konsekvensgrad for tema pattedyr. Når det gjeld villrein er dei største konfliktane knytt til anleggsfasen, noko som og kjem tydeleg fram i det aktuelle avsnittet i fagrapporten. Villreinnemnda etterlyser ei todeling av konsekvensvurderinga der konsekvensane for anleggsfasen vert framstilt som eigen kolonne i relevant tabell.

Framlegg til vedtak jfr. handsaming i møtet

Villereinnemnda vil rå i frå å bygge Gjengedelen kraftverk. Tiltaket ligg i sentrale delar av leveområdet for villrein, med jamnleg bruk, særleg viktig om våren.

Me fryktar at fysiske inngrep kan kome i konflikt med villreintrekk. Deponi kan kome i konflikt med kryssingspunkt for villrein og anleggsvegar kan skape trekkbarrierar. Eventuelle vertikale kantar i form av murar eller skjeringar vil skape fysiske hinder, og ferdsel på vegen kan gjere at rein vegrar seg for å krysse. Konsekvensane for desse inngrepa i høve villrein er ikkje diskuterte i søknaden eller konsekvensutgreiinga. Tiltaket ligg tett opptil kalvingsland, og me fryktar uroing i området trass planar om anleggsarbeidet på demninga først kjem i gong etter 1. juli. Tiltaket vil auke det generelle aktivitetsnivået i området noko som kan gje det redusert verdi som beiteområde.

Me ser inngrepet som ein belastning på villreinens leveområde. Tiltaket er eit stort paradoks i dette området der størstedelen av villreinarealet er inkludert i eit landskapsvernområde. Ei ny kraftutbygging vil auke aksepten for naturinngrep i eit område med store natur- og landskapsverdiar. Slike verdiar, og ein generelt låg aksept for inngrep i desse, bidrar i svært stor grad positivt til å skydde leveområda til villreinen.

Vedteken uttale

Villereinnemnda vil rå i frå å bygge Gjengedelen kraftverk. Tiltaket ligg i sentrale delar av leveområdet for villrein, med jamnleg bruk, særleg viktig om våren.

Me fryktar at fysiske inngrep kan kome i konflikt med villreintrekk. Deponi kan kome i konflikt med kryssingspunkt for villrein og anleggsvegar kan skape trekkbarrierar. Eventuelle vertikale kantar i form av murar eller skjeringar vil skape fysiske hinder, og ferdsel på vegen kan gjere at rein vegrar seg for å krysse. Konsekvensane for desse inngrepa i høve villrein er ikkje diskuterte i søknaden eller konsekvensutgreiinga. Tiltaket ligg tett opptil kalvingsland, og me fryktar uroing i området trass planar om anleggsarbeid først etter 1. juli. Tiltaket vil auke det generelle aktivitetsnivået i området noko som kan gje det redusert verdi som beiteområde.

Me ser inngrepet som ein belastning på villreinens leveområde. Tiltaket er eit stort paradoks i dette området der størstedelen av villreinarealet er inkludert i eit landskapsvernområde. Ei ny kraftutbygging vil auke aksepten for naturinngrep i eit område med store natur- og landskapsverdiar. Slike verdiar, og ein generelt låg aksept for inngrep i desse, bidrar i svært stor grad positivt til å skydde leveområda til villreinen.

Med helsing villreinnemnda for Sogn og Fjordane

leiar

sekretariat

sign.

Astrid Eitrheim Lerum



Siri Wølneberg Bøthun

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Vedlegg: Kart: Villreinens leveområde i Førdefjella

Kopi til:

Gloppen kommune
Naustdal kommune
Førdefjella villreinutval
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
Miljødirektoraret
Klima og Miljødepartementet
Norsk villreinsenter, Nord
Villreintrådet